



Artur Sebastian Gawedzki
Hoplandsvegen 107
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18906 - 21/123

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
04.01.2021

Tilbakemelding om manglar - gbnr 315/19 Hopland

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 315/19
Tiltakshavar: Artur Sebastian Gawedzki
Ansvarleg søkjar: Artur Sebastian Gawedzki

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskriften § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Kart

Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 12-4 første ledd nr. 1 bokstav d. Anlegget si plassering i forhold til eigedomsgrenser bør komme fram av kartet. Kartet skal vere målsett med avstand til bygningar, nabogrense og veg.

Nabovarsel

Søknad skal innehalde opplysningar om kven som skal varslast. Kopi av varselet skal verte sendt kommunen samtidig som andre vert varsla. Kvittering for at varselet er sendt skal leggjast ved søknaden, jf. forureiningsforskriften § 12-4.

Privatrettslege tilhøve

På vedlagte situasjonsplan er leiðningsnett teikna inn på naboeigedom gbnr. 315/7. Avtalar om plassering av anlegg og leiðningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleiðning skal tinglysast på eigedomane.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafør ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla **innan 04.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av forureiningsforskriften § 12-5 og av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Artur Sebastian Gawedzki

Hoplandsvegen 107

5918

FREKHAUG